

# Forskrift om skulereglar for Vang barne- og ungdomsskule, Vang kommune, Innlandet

**Heimel:** Fastsett av hovudutval for levekår i Vang kommune [dato] med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 10-7.

## § 1. Formål

Reglementet skal legge til rette for eit godt læringsmiljø kjenneteikna av:

- God trivsel.
- Godt samarbeid.
- Respekt og medansvar for kvarandre.
- Gode arbeidsvaner.
- Ro og orden.

## § 2. Verkeområde

Reglementet gjeld for alle elevar; på skulen, på skulevegen og ved arrangement og turar som er i regi av skulen.

## § 3. Organisering av skuledemokratiet ( opplæringslova § 10-4 og 10-5)

Skulen skal sørge for at elevane og foreldra får vere med å planleggje, gjennomføre og vurdere verksemda til skulen, mellom anna arbeidet med skulemiljøet, kvalitetsutvikling i opplæringa og fastsetting av skulereglar.

Skulen skal leggje til rette for at alle elevane skal kunne ytre seg, og oppmuntre og hjelpe dei til å delta i skuledemokratiet.

### *Elevråd*

Elevråd blir valt av elevane.

Elevråda skal fremje fellesinteressene til elevane på skulen og arbeide for å skape godt lærings- og skulemiljø.

Elevrådet for småskulen er sett saman av ein tillitselev frå 1.-4. klasse. Kvar av representantane har ein vara frå sin klasse.

Elevråd for mellomtrinn og ungdomsskulen er sett saman av ein tillitselev frå 5.-10. klasse. Kvar av representantane har ein vara frå sin klasse.

Ein medlem av personalet på skulen skal ha som oppgåve å hjelpe elevråda i arbeidet. Denne elevrådskontakten har møte- og talerett i elevråda.

Representantane skal veljast seinast fire veker etter at skulen har teke til om hausten.

### *Arbeidsutval for føresette (FAU)*

Arbeidsutvalet blir valt av dei føresette ved skulen.

Arbeidsutvalet er sett saman av ein føresett-representant og ein vara frå kvar klasse.

Leiar av FAU blir vald kvart år.

### *Samarbeidsutval*

Samarbeidsutvalet er samansett av to representantar for undervisningspersonalet, ein for andre tilsette, to for foreldrerådet, to for elevane og to for kommunen. Den eine av representantane for kommunen skal vere rektor ved skulen.

Elevrepresentantane skal ikkje vere til stades når saker som er omfatta av teieplikt, blir behandla i samarbeidsutvalet.

Samarbeidsutvalet har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld skulen.

## **§ 4. Rettane til elevane**

Som elev har eg rett til:

- Opplæring og undervisning som er tilpassa mine føresetnadar.
- Å bli behandla med respekt og venlegheit av alle elevar, lærarar, assistentar og andre som er i arbeid ved skulen.
- Å oppleve tryggleik i alle situasjonar på skulen, eller på veg til og frå skulen.
- Arbeidsplass og utstyr tilpassa mine behov.
- Tilgang til område på skuleplassen som er tilrettelagt for det alderstrinnet eg er på.
- Å bli lytta til, og få medverke, i spørsmål som vedkjem min skulesituasjon.

## **§ 5. Pliktene til elevane**

Som elev har eg plikt til:

- Å medverke til at skuledagen blir positiv for alle elevar og tilsette ved skulen.
- Å rette meg etter dei reglane som er nedfelt i dette reglementet, og anna regelverk som gjeld skulen.
- Å rette meg etter dei beskjedar som mine lærarar og andre vaksne gjev.
- Å delta i undervisninga og andre pålagte aktivitetar, så lenge ikkje spesielle forhold tilseier at eg skal vere friteken for deltaking.

## **§ 6. Orden**

Som elev har eg plikt til å:

- Møte presist.
- Møte førebudd til opplæringa.
- Ha med naudsynt utstyr.
- Gjere arbeid til rett tid og halde fristar.
- Halde orden.

## § 7. Åtferd

Som elev har eg plikt til å:

- Opphalde meg på skulen sitt område i skuletida og vere til stade i opplæringa.
- Opptre venleg ovanfor medelevar, tilsette og andre eg møter i skulekvardagen.
- Medverke til eit godt læringsmiljø
- Rette meg etter beskjedar frå dei tilsette på skulen.
- Vere forsiktig med, og ta godt vare på, skulen sitt utstyr.
- Ikkje nytte mobiltelefonen på skulen, eller aktivitetar i regi av skulen, utan særskilt tillating frå skulen.

Åtferd som ikkje blir akseptert:

- Å plage eller mobbe andre.
- Å utøve fysisk vald eller kome med trugsmål om det.
- Å fuske eller forsøke å fuske.
- Å bruke tyggegummi eller ete godteri på skulen, utan spesiell avtale.
- Å kaste snøball, anna enn mot oppsett mål.
- Å ha med, bruke, eller vere påverka av alkohol, narkotika eller andre rusmiddel.
- Å bruke tobakk eller snus.
- Å ha med, og/eller bruke farlege gjenstandar.
- Bruk av sykkel inne på skuleområdet i skuletida utanom spesiell avtale.

## § 8. Tiltak ved brot på skulereglane

- Munnleg eller skriftleg åtvaring eller merknad, etter samtale med eleven.
- Varsling til foreldre.
- Beslag av farlege gjenstandar. Leverast tilbake til foreldre, eller til politiet.
- Beslag av mobiltelefon. Leverast tilbake til eleven etter skuletid same dag.
- Pålegg om å rette opp skadar som er påført skulen.
- Attsitjing på skulen for samtalar og/ eller for å gjere pålagte oppgåver.

- Annullering av prøver, dersom eleven blir teke i fusk.
- Bortvising frå skulen ut dagen( jf. opplæringslova § 13-1). Rektor fattar avgjerd.
- Bortvising frå skulen i inntil 3 dagar for elevar på ungdomssteget (jf. opplæringslova § 13-1). Rektor fattar avgjerd.

Alle reaksjonar skal vere tilpassa alvoret i saka.

Skulen vil normalt gje melding til politiet om straffbare forhold uavhengig av eleven sin alder.

## **§ 9. Erstatningsansvar**

Ved skade eller skadeverk på skulen sin eigedom eller utstyr kan eleven og/ eller eleven sine føresette bli erstatningsansvarlege. Det same gjeld ved tap av undervisningsmateriell.

Dyrt utstyr som t.d. mobiltelefon og kamera, blir teke med på eige ansvar.

Skulen har ulykkesforsikring for alle elevar som også gjeld på veg til og frå skulen.

## **§ 10. Saksbehandling ved bruk av sanksjonar**

- Skulen skal syte for at avgjersla blir teke på eit forsvarleg grunnlag.
- Eleven skal ha fått høve til å forklare seg munnleg for den som skal ta avgjerda.
- Avgjersla skal grunngjevast.
- Før avgjersle om bortvising blir teke skal skulen ha vurdert om det er mogeleg å bruke andre reaksjonar eller hjelpetiltak. Føresette skal alltid varslast før det blir sett i verk bortvising.
- I alvorlege saker skal føresette varslast så langt det er råd.

## **§ 11. Ikraftsetjing**

Forskrifta trer i kraft straks.

Forskrift om ordensreglement for grunnskulen i Vang kommune, vedtatt av hovudutval for levekår i Vang kommune 06.03.2019 er oppheva.